


Rammeplan

Haldningsklassar for
- avkøyrslar
- dispensasjonar frå byggegrenser



Vestland
fylkeskommune

Innhald

Rammeplan for avkørsler og byggegrenser	3
1. Innleiing	3
1.1 Bakgrunn for rammeplan	3
1.2 Rammeplanen si tilknyting til veglova og plan- og bygningslova.....	4
2. Haldningsklassar	4
3. Omklassifisering	7
4. Referansar.....	8

Rammeplan for avkøyrsler og dispensasjonar frå byggegrenser

Forord

1. Innleiing

Denne rammeplanen gjeld for fylkesvegnettet i Vestland fylke, og er ei rettleiing ved sakshandsaming av avkøyrsle- og byggegrensesaker, samt ved uttaler til kommune- og reguleringsplanar.

Veglova § 29 definerer kva som er gjeldande byggegrense langs veg. Søknad og sakshandsaming om dispensasjon frå fastsett byggegrense skal skje i tråd med veglova §§ 29-30.

Veglova §§ 40-43 omhandlar avkøyrsle frå offentleg veg og kva krav som gjeld ved bygging og bruk av avkøyrsle. Søknad og sakshandsaming av avkøyrslesaker skal skje i tråd med veglova.

I rammeplanen er fylkesvegnettet delt inn haldningsklassar for avkøyrsler og tiltak langs vegen. Haldningsklassane er definert i datakatalogen til Nasjonal vegdatabank (NVDB), og er felles for heile landet.

Rammeplanen består av denne rettleiarene og ei kartløysing på [Fylkesatlas.no](#).

Denne rammeplanen bygger på tidlegare rammeplan utarbeidd av Statens vegvesen Region vest.

1.1 Bakgrunn for rammeplan

Etablering av verksemder og busetnad langs vegnettet fører til behov for avkøyrsler og etablering av tiltak langs vegen. For å kunne handtere denne utviklinga på ein god måte, er det behov for å bestemme kva overordna haldning fylkeskommunen skal ha til nye eller endra avkøyrsler og tiltak nær dei ulike vegane. Fylkesvegane er derfor inndelt i ulike haldningsklassar ut i frå kor mykje avkøyrsler og tiltak nær vegen dei kan tåla, utan at det går for mykje ut over trafikktryggleiken og vegen sin funksjon.

Det er ein klår samanheng mellom trafikktryggleik og vegen sin funksjon, sett i høve til talet på kryss, avkøyrsler og tiltak nær vegen. Langs strekningar med mange avkøyrsler, vil det vere større aktivitet med køyrande inn på og ut av vegen. Dette fører ofte til at ein må redusere fartsgrensa for å ta i vare trafikktryggleiken, noko som i sin tur går ut over vegen sin funksjon som transportåre. Mange tiltak nær vegen kan påverke t.d. siktilhøva, rom for drift og vedlikehald og plass for tilbod til mjuke trafikantar. Tiltak nær vegen er også langt meir utsett for miljøulemper som støy og støv frå vegen.

Mange avkørsler og tiltak nær vegen gir auka kostnader til kompenserande tiltak og drift/vedlikehald, i tillegg til at det påverkar både kva som er fysisk mogleg å få til, og kostnadsnivå ved framtidige vegutbetringar.

1.2 Rammeplanen si tilknyting til veglova og plan- og bygningslova

Veglova § 40 set krav om at avkørsle frå offentleg veg berre må byggast eller nyttast i samsvar med reguleringsplan eller kommuneplan. Lova opnar òg for at det kan søkast fylkeskommunen om løyve til å etablere avkørsle frå fylkesveg, dersom området ikkje er regulert, eller ønska avkørsle ikkje inngår i slike planar.

Veglova § 29 fastset generelle byggegrenser langs offentlege vinar. Langs fylkesvegar er den generelle byggegrensa satt til 50 meter. For gang- og sykkelvegar er byggegrensa 15 meter. Lova opnar for at fylkeskommunane kan fastsette andre byggegrenser for særskilde strekningar, men ikkje mindre enn 15 meter. Kommunane kan òg fastsette andre byggegrenser i reguleringsplanar eller i arealdelen av kommuneplan jf. plan- og bygningslova.

Byggegrensene omfattar alle fysiske tiltak jf. Veglova § 30, og Plan- og bygningslova, § 1-6.

Veglova opnar for at det kan gjevast dispensasjon frå gjeldande byggegrenser etter søknad. I uregulerte område, der byggegrenser etter veglova gjeld, er det fylkeskommunen som har mynde til å gi slik dispensasjon langs fylkesveg. I områder der byggegrenser er fastsett i reguleringsplan eller kommuneplan, er det kommunen som har mynde til å gi slik dispensasjon.

I samband med at mange riksvegar vart omgjort til fylkesvegar i 2010, vart den generelle byggegrensa mot fylkesveg auka frå 15 m til 50 m. Dermed beheldt vegane som var omgjort frå riksveg til fylkesveg dei same byggegrensene dei hadde tidlegare, mens heile det tidlegare fylkesvegnettet fekk vesentleg større byggegrenser. Der andre byggegrensene ikkje er vedtekne etter veglova eller plan- og bygningslova, er byggegrensa 50 m langs alle fylkesvegar, og 15 m langs gang- og sykkelvegar.

Ved saksbehandling av søknader om avkørsler, søknader om dispensasjoner frå byggegrense, og ved uttalar til planar etter plan- og bygningslova, skal det alltid gjerast særskilde vurderingar i kvar enkelt sak før ein gjer vedtak eller gir uttale. Haldningsklassane som her vert gjort gjeldande for ulike vinar, er berre ein del av grunnlaget som skal vere med i vurderinga. I vurderingane må ein vege ulempene ved å gi dispensasjon frå byggegrense eller ny/utvida bruk av avkørsle, opp mot fordelane i eit samla perspektiv.

2. Haldningsklassar

Rammeplanen viser inndeling av vegnettet i haldningsklassar. Haldningsklassane fortel kor strengt ein skal vurdere søknader om nye/utvida avkørsler og byggetiltak nær vegane. Haldningsklassane er like for både avkørsler og dispensasjoner frå byggegrenser for kvar enkelt strekning.

Ved vurdering av kva haldningsklasse den enkelte vegparsell er satt i, er følgjande omsyn vektlagt:

- Trafikksikkerheit
- Vegen sin transportfunksjon
- Planar og samfunnsutvikling
- Miljøtilhøva
- Vegstrekninga sin tekniske standard

Fylkesvegnettet er delt inn i følgjande haldningsklassar for avkørsler og dispensasjonar frå byggegrenser:

1. Meget streng holdning
2. Streng holdning
3. Mindre streng holdning
4. Lite streng holdning

Tabell 1-

Tabell 4 Viser oversikt over dei 4 ulike haldningsklassane. Vegnett med dei ulike haldningsklassane er vist med fargekodar på kart i [Fylkesatlas.no](#).

Tabell 1: Haldningsklasse 1

Meget streng holdning (RAUD) - Svært viktig hovudveg (nasjonal og regional funksjon)	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkørsler
<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 50 meter • Nye bustader, utanom til primærnæringa som er bunden til areala, vert berre godkjent etter reguleringsplan 	<ul style="list-style-type: none"> • Vegane skal i prinsippet vere fri for avkørsler • Nye avkørsler og utvida bruk av eksisterande avkørsler, utanom til primærnæring som er bunden til areala, bør avklarast i reguleringsplan
Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegrensa vurderast. Støykrava i byggtaknisk forskrift skal oppfyllast.	Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 60 km/t eller lågare, kan ein etter veglova vurdere å godkjenne utvida bruk av avkørsla dersom ho ikkje kryssar gang- og sykkelvegen. Dei tekniske krava til utforming skal oppfyllast.

Tabell 2: Haldningsklasse 2

Streng holdning (GUL) - Viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon)	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkørsler
<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 50 meter • Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg ein reguleringsplan 	<ul style="list-style-type: none"> • Talet på avkørsler til vegane skal vere svært avgrensa. • Nye avkørsler, utanom til primærnæring som er bunden til areala, bør avklarast i reguleringsplan. Val av stad for avkørsler må vurderast nøyne med tanke på den framtidige arealutviklinga • Godkjenning til utvida bruk av avkørsle bør avgrensast. Dette gjeld særleg for bustadavkørsler.

Der det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busshaldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegrensa vurderast. Støykrava i byggeteknisk forskrift skal oppfyllast.	Der det er til rettelagt med gang- og sykkelveg, buss haldeplass og fartsgrense 70 km/t eller lågare, kan utvida bruk av avkøyrslle godkjennast. Dei tekniske krava til utforming skal oppfyllast. Der det er ei ekstremt dårleg avkøyrslle kan fylkeskommunen vere positiv til utvida bruk dersom dei tekniske krava kan oppfyllast, og dette totalt sett gjev ein gevinst for trafikksikkerheita . Dette unntaket gjeld i heilt spesielle høve. Fylkeskommunen godkjenner ikkje ytterlegare auka bruk av avkøyrsla etter at denne er utbetra, då dette ikkje vil gje ein gevinst for trafikksikkerheita. Der årsdøgntrafikken (ådt) er under 800 kjt/døgn, kan utvida bruk av avkøyrslle godkjennast der tekniske krav vert stetta.
--	---

Tabell 3: Haldningsklasse 3

Mindre streng holdning (BLÅ) - Viktig lokalveg (lokal samlevegfunksjon)	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkøyrslar
<ul style="list-style-type: none"> Tiltak bør ikkje etablerast nærmere enn 30 meter I visse høve kan ein godkjenne oppføring av bygningar <p>Der årsdøgntrafikken er under 800 kjt/døgn og fartsgrensa er 70 km/t eller lågare, kan søknad om dispensasjon frå byggjegrensa vurderast. Krava i Teknisk forskrift om støy skal støttast.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Talet på direkte avkøyrslar til vegane skal vere avgrensa. Nye bustadavkøyrslar bør avgrensast. Val av plassering av avkøyrslar må vurderast med tanke på den framtidige samfunnsutviklinga Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstilt <p>Der årsdøgntrafikken er over 1 500 kjt/døgn og fartsgrensa er 70 km/t eller høgare, bør nye avkøyrslar avklarast i reguleringsplan.</p>

Tabell 4: Haldningsklasse 4

Lite streng holdning (GRØN) - Lokalveg (andre lokale funksjonar)	
Dispensasjon frå byggegrense	Søknad om avkøyrslar

<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 15 meter • Det vert i utgangspunktet ikkje gjeve dispensasjon for oppføring av bustader og fritidsbustader innanfor byggjegrensa på 15 meter 	<p>Godkjenning av ny avkøyrsle kan normalt bli gjeve under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming av avkøyrsla vert oppfylt . Der tilhøva ligg til rette for det, skal tilkomst visast til nærmeste eksisterande avkøyrsle</p>
--	---

3. Omklassifisering

Denne handlingsplanen gjeld berre fylkesvegar i Vestland fylkeskommune. For vegar som vert omklassifisert til riks-, kommunal- eller privat veg må ny vegeigar ta ny stilling til haldning for avkøyrslar og dispensasjonar frå byggegrenser.

For vegar som vert omklassifisert frå andre veghaldarar til fylkesveg, må sakshandsamar ved behov ta stilling til kva haldningsklasse som skal leggjast til grunn fram til neste rullering.




4. Referansar

Dokument	Beskriving	Referanse
Fylkesatlas.no	Haldningsklassar avkørsler for riks- og fylkesvegar i Vestland fylke, kartdel.	
Veglova	Lov om vegrar	§§ 29-43
Plan- og bygningslova	Lov om planlegging og byggesaksbehandling	
Vegtrafikklova	Lov om vegtrafikk Vedkommende myndighet har på privat og offentlig eiendom rett til å sette opp offentlig trafikkskilt, signal, utstyr for kontroll av trafikk og feste for slike innretninger og til å foreta oppmerking.	§ 5
Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging	Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane	
Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging	Retningslinjene skal bidra til eit godt og produktivt samspele mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god stads- og byutvikling.	
T-1491 Kommuneplanens arealdel	Eksempel på korleis rammeplanen kan takast inn i føresegne i kommuneplanen	Side 61-62
Handbok N100 Veg- og gateutforming	Krav til utforming av avkørsler	
Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss	Utdyper krava som er gitt i handbok N100.	
Vegvesen.no - Søknad om avkørsle	Link til Statens vegvesen si søknadsside for avkørsleløyve	
Vegvesen.no - Søknad om dispensasjon frå byggegrense	Link til Statens vegvesen si søknadsside for søknad om dispensasjon frå byggegrense	
Handbok 701 ?	Referere til dette dokumentet?	

27

[Heading]

[Brødtekst]



vestlandfylke.no